

BAKGRUNN

Biosenario vart teken ut som utstiller på Royal Scottish Academy si årlege utstilling RSA open i Edinburgh 2016. Her blei vi tildelt ein pris og opphald i Galleri An Talla Solais sitt nyetablerte keramikkstudio i Ullapool. Vi har hatt fem arbeidsveker her, som blei fullført i sommer- 2017.

Det blei ei produktiv tid og vi fekk knytt kontakt og gjennomført konkrete samarbeid med lokale båtbyggjarar og pottemakarar med høg teknisk kompetanse og djup materialforståing. Desse erfaringane skapte ideen om ein utstillingsturne som kan syna skotske- og skandinaviske tendensar innan det visuelle kunstfeltet med utgangspunkt i leira som materiale, og handverk som ei viktig kulturarv.

ACROSS NORTHERN SEAS

Galleri An Talla Solais, fire norske og to skotske kunstnarar har forplikta seg til samarbeidet for realisering av utstillingsturne med arbeidstittel *Across Northern Seas* som skal foregå i tre skotske galleri og eit galleri i Hordaland, i perioden juni-18 til mars-19. Turneen vil avsluttast i Hordaland, og Galleri An Talla Solais jobbar no med å skapa kontakt og etablera samarbeid med eit galleri her i Hordaland, i fyrste omgang vert det jobba for å utvikla samarbeid med Galleri Hvelvet i Oseana kunst og kulturhus. Argumentet for å få dette til ligg i både Hvelvet si profesjonelle drift, men også fordi Os er bærar av ei unik norsk kulturarv; Oselvaren. Her ligg godt til rette for å utvikla lokale samarbeid om arrangement i tilknyting til utstillinga. Arrangement vi meinar kan skape viktig og interessante diskusjonar og refleksjonar rundt samanhengane mellom kunst, kunsthandverk og handverk, og kva dette kan, eller skal bety for oss i samtida og framtida.

KUNSTNARAR OG TEMA

Biosenario er eit samarbeidsprosjekt i porselen der den tradisjonelle og gjennkjennelege dreide potta og vasen er utgangspunkt for verka. Begge kunstnarane jobbar på same objekt; slik oppstår ei frenetisk samanblanding av to ulike uttrykk. Vi responderar på dei allere store mengder naturdekor som gjennom alle tider har prega handverk, industri og design. I dette prosjektet er naturdekoren tredimensjonal, og skulpturelle elementer veks ut or forma og tar snart over heile objektet. Porselenet sin delikate natur tvingar kunstnarne til å jobbe raskt, utan avbrot over mange mange timer, og intenst slik at materialet ikke tørker ut og blir utformeleg. Resultatet er eit rastløst, smånervøst, men kanskje, til slutt, eit harmoniserande uttrykk. I løpet av denne delen av prosessen har naturdekoren blitt utvida til element frå menneskers liv og kultur: politikarer, møblar, populærkulturelle ikon og historiske figurer står side om side, og lag på lag.

Biosenario eit prosjekt som hentar mykje inspirasjon og tematikk fra miljøet rundt seg og fleire kunstnarar delar denne interessa. Dei norske kunstnerne, Siri Brekke og Ingeborg Blom Andersskog er dei to andre norske kunstnarane som er invitert inn og har takka ja til å engasjera seg i prosjektet. Siri Brekke har i ei årrekke jobba veldig medvite med handverksmateriale, dette har resultert i eit velrenomerte samarbeid som mange har fått kjennskap til; Barmen & Brekke. Her smeltar barmen sitt trearbeid perfekt saman med Brekke sitt presise keramikkarbeid. Dette har resultert i mange prestisjeprisar og nominasjonar den siste tida. I tillegg har Siri Brekke gjennom sitt prosjekt *Copying my grandfather* gjort eit djupdykk og eit praktisk tankeeksperiment akkurat rundt sitt eige og sin bestefar, sitt handverk. Her kopierar ho hans gamle smeverkty, men framstiller dei i ulike

leirer. Slik legg ho fram lupa så vi betre kan sjå handverket som både ho sjølv og bestefaren representerar.

Ingeborg B. Andersskog har utdanninga si frå KHIB, avd. for keramikk, og handverket er slik sett bakteppet for dei prosjekta ho jobbar med i dag. Ho jobbar med ulike materialer og uttrykk, men jobbar no mykje med performance når ho formidlar sin kunst. Her er eit utklipp frå nettsida hennar: *"The Line kretser rundt tematikken fenomenologi. Dette er et tema jeg har jobbet med i mange år, og ligger nå til grunn for alle mine prosjekter. Kroppen må erfare før den kan reflektere, og alt vi erfarer er fordi kroppen handler som den gjør, både bevisst og ubevisst."* Det er vel her ho set fingeren på kva handverket er heilt avhengig av, og som gjer oss i stand til å forma naturmaterialer som tre, leire og metall og gi dei eigenskapar som kan fylla både estetiske, funksjonelle og mentale behov hjå oss som menneske.

Vi ser fram til å bli betre og godt kjend med dei to skotske kunstnarane, Rebecca Brown og Jenny Macenzie Ross som An Talla Solai har presentert for gruppa vår. Dei jobbar og med utgangspunkt i sine lokale kulturar, der dei både har lokal mytologi og lokale leirematerialer som utgangspunkt for sine produksjonar. Vi vil via ein blogg saman utvikle prosjektet på tvers av landegrenser. Det vert frå skotsk side jobba med å finansiera eit norgesbesøk for desse to kunstnarane.

UTSTILLINGSPLAN

Tre skotske gallerier og eit galleri i Hordaland skal vera arena for utstillingane. Først utstilling er i Ullapool i juni 2018, deretter vil utstillinga reise vidare til Caithness (eit galleri som ligg under-tilhøyrer Inverness Museum and Art Gallery) vidare går turen til Shetland Arts for så å ha sin grand finale i Hordaland.

Å jobbe tett med lokalbefolkingen har vore viktig under residenciet vårt, og dette blir også eit mål med utstillingane vi no planlegg. Det vil i løpet av vinteren utvikla foredrag og workshops for å skape tettare kommunikasjon med publikum. Blant anna vil psykoanalytikar Tim Gauntlett utføra eit psykologisk gruppemøte, som er ei vidareføring av eit nytt, vellykka samarbeid med Biosenario. Båtbyggjar Topher Dawson har også invitert til å laga inventar til utstillingane, inventar i tre og som kan gi eit skråblikk inn i båtbyggjartradisjonen. Kunstnarpresentasjoner og samtalar vil også være ein naturleg del av utsillingsprogramma.

TURNEKALENDAR

26. mai 2018	An Talla Solais, Ullapool.
September 2018	Caithness, Inverness Art Gallery
Januar 2019	Shetland Arts
Sommer 2019	Hordaland (Hvelvet Osana)